

Notat

Vassenden, viktig gyte- og oppveksthabitat for bleke

Notatet er utarbeida for å auke kunnskapsgrunnlaget omkring gyte- og oppveksthabitatet for bleke i Vassenden.

Vassenden og elvestryka nedstraums Byglandsfjorden er historisk særskilte gyte- og oppveksthabitat for bleke og aure i Otravassdraget. Nedteikna skildringar av det tradisjonelle notfisket i Vassenden viser kor rikt dette fisket var. I dag er Vassenden eit av dei viktigaste gyte- og oppvekstområdene til bleka. Bestandsovervakinga i vassdraget visar at det er i denne del av Otravassdraget som har ei viss eigenrekruttering av Bleke. I andre historiske gyte- og oppvekstområde er eigenrekrutteringa enda låg/fråverande hovudsakeleg grunna reguleringseffektar (eks: stengte vandringsveier, gassovermetta vatn, vassføring o.a.).

Før kraftregulering av Otravassdraget kunne bleke og aure vandre fritt i denne del av vassdraget. Etablering av betongdam i 1973 resulterte i eit absolutt oppvandringshinder for fisk. Etter etableringa har bleke- og aurebestanden blitt forhindra i å kunne vandre opp i Byglandsfjorden og kunne derfor ikkje lenger nytte seg av habitatskifte mellom elve- og fjordhabitat. Vandringshinderet har ført til isolering av fiskebestandar nedstrøms dam Byglandsfjord og blekebestanden i fjorden kan ha gått glipp av genetisk viktige individ dei siste 50 år. Fotodokumentasjon og personlege medd. viser at nåledam som vart rive i 1972 berre delvis var eit vandringshinder for bleke og aure og at den viktige tovegs vandrainga vart halde oppe.

Senkingsarbeid, spesielt på midten av 50-talet endra gyte- og oppveksthabitat for fisk i heile området. Fotodokumentasjon viser elvebotnmassar som vart gravne opp på 50-talet.

Reidar Larsen som er bygdesogeskrivar for Byglandsfjord og Vassend i Bygland kommune har ein del fotodokumentasjon og fakta omkring Vassenden. Bilete som blir vist til i notatet er tatt av Reidar og K. J. Alværn. I tillegg har Reidar kopi av Otteraaens Brugseierforening (OB) sine bilete.


Nåledam

Nåledam var i bruk frå 1905 til 1973. Foto av damkonstruksjon dokumenterer at nåledam i Vassenden ikkje var eit absolutt vandringshinder for bleke/aure ved låg vasstand i fjorden.

Nåledam hadde eit hovudløp. Her var det tre luker (figur 1,2 og 3) som regulerte vatnet ut av fjorden. Før Brokkeutbygginga i 1965 var det ofte låg vasstand i fjorden på våren (mars/mai) før vårflaumen kom med snøsmeltinga. Same forhold var ofte på ettersommar/haust ved lite nedbør. Ved låg vasstand og låg vassføring kunne fisk vandre fritt gjennom hovudlukene (Olav Guldsmoen, pers. medd. 2024).



Figur 1. Flyfoto (Norge i bilder 1958) viser plassering av hovudluker, tømmerløp og botnluke på nåledam.




Figur 2. Bilete av hovudløpet der luker er opna (Foto: OB).




Figur 3. Til høyre i bilete vises vassløp frå fjordsida ned til hovudluker ved vasstand ned mot 198 moh (Foto: OB). Her kan fisk vandre opp utan hinder.

Nåledam hadde eit *tømmerløp* (Figur 1, 4 og 5). Spesielt ved låg vasstand og opent tømmerløp kunne fisk vandre opp i fjorden uten hindring. Reidar Larsen observerte fisk som vandra opp og gjennom tømmerløpet ved fleire anledningar på 60 talet (personleg medd. 5. juni 2024). Observasjonane blei gjort på ettersommar og tidleg haust.




Figur 4. Raud markering viser tømmerløpet. Ved fjerning av nåler kunne fisk vandre opp løpet utan hinder (Foto: OB).



Figur 5. Raud markering viser fossestryk ut av tømmerløpet når nåler er fjerna (Foto: Reidar Larsen/K.J.Alværn).

Nåledam hadde ei *botnluke* på austsida mot riksveg 9 (figur 1,4 og 5). Ved opne luker og låg vasstand kunne fisk vandre fritt.



Figur 6. Raud markering viser botnluke ved låg vasstand i fjorden (Foto : OB).



Figur 7. Raud markering viser botnluke våren 1973 ved vasstand ned mot 198 moh (Foto: Reidar Larsen).

Absolutt vandringshinder for bleke og aure kom først hausten 1973 når den nye betongdammen vart ferdig bygd. Dette var midt i redningsaksjonen til bleke og situasjonen for bestanden vart ytterlegare forverra ved at fisk vart forhindra i å vandre opp i fjorden igjen. I november og desember 1972 fanga R. Ersland 20 gytefisk av bleke, 9 hofisk og 11 hannfisk i Vassenden. Desember same år fanga Kristian Vold (Universitetet i Oslo) 38 bleke i Vassenden. Hausten 1973 fekk K. Vold 24 gytefisk av bleke i Vassenden. Forsøksleder Tor B. Gunnerød (Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk) opplyste i 1973 at *den einaste plassen der det var observert gytefisk dei to siste åra var ovanfor stemmen av Byglandsfjorden* (Einar Kleiven, upublisert historisk rapport 2016, side 88).

Senkingsarbeid i Vassenden

For å kunne senke Byglandsfjorden til kote 198 (LRV) ble det igangsett mudring og sprengingsarbeid. I perioden 1909 til 1911 blei den første senkinga utført i elveløpet. I perioden 1953-1956 ble hovudarbeid med mudring og sprenging utført. I stryk og fossar (Bådnestryk, Surtefoss og Standar foss) ble det sprengt totalt 6600 m³ fjell. Saman med mudring blei det flyttet på 60 000 m³ masser (fjell, stein og sand) i Vassenden (Reidar Larsen). På strekningen Bådnestryk til nedstraums gamle nåledam er ca. 155 daa av botnsubstrat lagt opp i voller langs det opphavlege elveleiet (figur 8).



Figur 8. Blå markering på flyfotokart viser areal kor det er utført mudring- og sprengingsarbeid i Vassenden (Norge i bilder 1973).

Fordeling på mudra og sprengt areal i Vassenden er vist i tabell 1.

Tabell 1. Anslag på mudra og sprengt botnareal (daa) i Vassenden.

Lokalitet	Areal, daa
Bådnestryk,	10
Vassendøya - Ropåsnes	68
Surtefossen - Nåledam	37
Nåledam - dam Byglandsfjord	40

Før oppdemminga av fjorden bestod Vassenden av elvestryk og fossar frå og med Bådnestryk til der betongdam står i dag (Standarfoss). Det opphavlege gyte- og oppveksthabitatet i Vassenden ble etter reguleringa totalt endra med omsyn til gytesubstrat, skjul og vasstraum. Tiltaka har nok virket svært negativt inn på rekrutteringa av blekebestanden i vassdraget.

Figur 9 til 13 viser foto av muddringsarbeid og det kanaliserte elveløpet i Vassenden.



Figur 9. Bilete viser farkost for mudring like vest for Vassendøya 8. september 1953. Dette elvepartiet blei kalla for øvre langkast, som var eit av dei beste notdraga i Vassenden før regulering av fjorden (Foto: OB).



Figur 10. Botnmasse fjerna frå hovudløpet i Vassenden ved Surtefoss/ Døletorv (Fossane) hausten 1956. (Foto: Reidar Larsen/K.J.Alværn). I dette området var eit av dei beste notdraga kalla «Fossen» før regulering av fjorden.



Figur 11. Botnmasse fjerna frå hovudløpet i Vassenden ved Surtefoss/Døletorv (Fossane) hausten 1956 (Foto: Reidar Larsen/K.J.Alværn). I dette området var eit av dei beste notdraga kalla «Fossen» før regulering av fjorden.



Figur 12. Bilete viser Vassenden frå Ropånes mot Vassendøya ved vasstand ned mot 198 moh. våren 1972. Oppsamla botnsubstrat kan sjåast på begge sider av elveløpet (Foto: Reidar Larsen). Ved denne vasstanden er det «tørt land» frå Vassend til Vassendøya. I dette området var det to kjente notdrag kalla nedre langkast og Vassendøyra.



Figur 13. Bilete viser Vassenden frå Senum bru mot Vassendøya ved vasstand ned mot 198 moh. våren 1972. Oppsamla botnsubstrat kan sjåast på begge sider av elveløpet, raud markering (Foto: Reidar Larsen). I dette området var det eit kjent notdrag kalla øvre langkast før regulering av fjorden.

Denne dokumentasjonen er viktig å ha med seg i forvaltninga av blekebestanden i denne delen av Otravassdraget.

For å sikre ein levedyktig og haustbar blekebestand i Byglandsfjorden bør det vurderast å utarbeide ein tiltaksplan for å restaurere tapte gyte- og oppveksthabitat i Vassenden. Dette er omtala i fleire rapportar i Blekeprosjektet som er i regi av Otteraaens Brugseierforening. Arbeid med opning av vandringsveger nedstraums Vassenden (dam Byglandsfjord og dam Fennefoss) må bli satt i verk for å unngå isolerte bestandar av bleke og aure.

Nils Børge Kile
Fisk og vassdragsforvaltar
Bygland kommune